

Frigjerande jazz – ei tolking av novella «Jazz meg opp»

Held du alltid tidsfristar? Gjer du alltid det du blir fortalt, utan å stille spørsmål? Kjenner du deg nokon gong underlegen andre, som om du ikkje heilt passar inn? Undertrykker du eigne kjensler, og kjenner du på einsemd og utanforskap? Når eit vennskap med ein hund blir det nærmaste du kjem forståing frå andre, er det eit teikn på at noko manglar.

I novella «Jazz meg opp» frå novellesamlinga *Slemme jenter* (2024) av Monica Goksøyr møter me ein eg-forteljar som slit med å finne sin plass i verda. Opplevingar frå barndommen har gjort henne usikker og lite i stand til å hevde seg. Novella tematiserer korleis tidlege erfaringar og skeive maktforhold kan påverke sjølvkjensla, og korleis det å ikkje bli sett for den ein eigentleg er, kan føre til einsemd og undertrykking av eigne kjensler.

Novella startar med at eg-personen skal vere barnevakt for det ho trur er ein katt, men som viser seg å vere hunden Freyja. Kjærasten tvilar på om ho vil klare oppgåva, og ho tvilar òg på seg sjølv. Etter kvart som ho er meir saman med hunden, byrjar ho å spegle seg i han. Hunden, som er vill og ukontrollerbar, blir eit bilete på kjenslene ho sjølv har halde tilbake. Gradvis blir det klart at ho har eit behov for å sleppe seg laus, vere fri og leve eit liv på sine eigne premisser.

Novella startar midt i handlinga, noko som gjer at lesaren med ein gong blir nysgjerrig på kven eg-personen skal passe og kva som kjem til å skje vidare. Misforståinga som oppstår, gjer henne både forvirra og usikker, og allereie her får me eit inntrykk av at ho ikkje har kontroll over situasjonen.

Novella er fortald kronologisk, men med enkelte tilbakeblikk. Det er gjennom desse tilbakeblikka at lesaren får vite meir om barndomen hennar, der far hennar var streng og straffa henne fysisk. Ho hugsar korleis ho vart rista til «auga dirra i hovudet», og korleis faren trua med å køyre andletet hennar ned i den tissevåte madrassen om ho tissa seg ut igjen. Når ho som vaksen reagerer sterkt på å måtte dra i bandet til hunden, kjem dei vonde opplevingane tilbake. Kanskje er det nettopp desse erfaringane som har gjort at ho i dag er underkua og ikkje klarer å stå opp for seg sjølv?

Overskrift som seier noko om kva novella handlar om.

Å skrive ei innleiing: Det er mange måtar å starte ei innleiing på. Ein kan til dømes byrje med å stille spørsmål.

Presentasjon av teksten med årstal og forfattar.

Presentasjon av tema.

Motiv/handlingsreferat.

Komposisjon.

Fagomgrep: tilbakeblikk.
Fagomgrep: kronologisk.

Døme frå teksten som byggjer under tematikken.

Synsvinkelen ligg hos eg-personen, og det er gjennom hennar skildringar av egne opplevingar, tilbakeblikk, indre dialog og observasjonar at lesaren får innsikt i kven ho er. Allereie i byrjinga av novella får me eit inntrykk av ein hovudperson som ikkje har heilt oversikt og kontroll. Kjærausten seier «Dette får vere ditt ansvar», noko som understrekar at han ikkje har tru på henne. Når eg-personen forsøker å lette på stemninga, er det for å hindre at konflikten mellom dei skal utvikle seg. Dette er med på å byggje opp kjensla av å ikkje vere god nok, samtidig som det òg viser eit skeivt maktforhold mellom henne og kjærasten. I relasjonen deira er det ho som er hunden i band, og den som må temjast. Det er ikkje rom for at ho kan vere den ho eigentleg er. Når ho då trer ut av mønsteret og utfordrar seg sjølv, utfordrar ho òg kjærasten og maktbalansen mellom dei. Det som er særleg interessant i denne novella, er at eg-personen omtalar hunden som «du». Det skapar eit meir menneskeleg band mellom dei, samtidig som det òg tillegg hunden noko meir, også for lesaren. Når ho seier «Du stira på oss» (Goksøy, 2023, s. 73), er det som om hunden har fått menneskelege eigenskapar. Ho tenkjer «Forstod han ikkje at du måtte ventilere litt, at du ikkje kunne brenne inne med alt», noko som viser at ho ser seg sjølv i hunden. Reaksjonane ho les i hunden, er eigentleg hennar egne kjensler.

Bruk av fagomgrep: synsvinkel.

Fagomgrep: pronomenbruk.

Når ho leikar med hunden, og bykser etter, reagerer kjærasten med irritasjon. Han vil ha slutt på leiken og skuldar eg-personen for å «jazze» hunden opp. Når eg-et då svarar «kva er det som er så gale med jazz», blir det eit bilete på opprør og eit ønske om å få vere seg sjølv. Slik blir også tittelen på novella, «Jazz meg opp», tett knytt til handlinga og til korleis hunden får fram sider ved eg-personen som ho hadde gøymt og gløymt. Jazz blir eit symbol, noko frigjerande og spontant, men fungerer òg som ein motsetnad til korleis ho eigentleg har i det forholdet til kjærasten, og til korleis ho har vakse opp og levd livet sitt.

Talking av tittelen.

Fagomgrep: symbol.

Scena der eg-personen og hunden spring saman gjennom parken, illustrerer denne frigjeringa: «Når du bjeffa, bjeffa eg òg» og «øyra dine flagra som håret mitt» viser kor synkrone dei har vorte. Når hunden får eit anfall, tenkjer ho først at det er farleg, men så skjønar ho at det berre er eit uttrykk for overskot. Ho heiar på Freyja, og på eitt tidspunkt vurderer ho å løyse hunden frå bandet, og slik også frigjere seg sjølv frå forventningar og krav frå dei rundt seg. Men ho gjer det ikkje, av frykt for kva som kunne ha skjedd. Det er trygt i bandet. Bandet blir slik eit symbol på faren og kontrollen han utøvde på eg-personen, samtidig som det står for ei slags kjensle av tryggleik.

Novella sluttar med at hunden blir henta av kusina. Eg-personen kjenner på eit tomrom: «No vart alt stille att». I eit forsøk på å gjenskape det ho hadde med Freyja, spring ho, leikar, drikk og spelar jazzmusikk. Til slutt kapitulerer ho og blir liggjande på golvteppet, der ho blir funnen av kjærasten. Igjen er ho fanga i det same mønsteret, der kjærasten har overtaket. Når han stryk henne over ryggen og spør om ho ikkje har godt av ein luftetur, er det som om ho har vorte hunden – ein som må luftast og kontrollerast. Ho fell tilbake til det same gamle mønsteret, der ho endå ein gong gjev etter og går på akkord med seg sjølv.

I «Jazz meg opp» ser ein korleis undertrykking og manglande anerkjenning kan forme eit menneske. Opplevingar frå barndommen har prega hovudpersonen, og heilt sidan då har ho lagt lokk på seg sjølv og den ho eigentleg er. Eg-personen lengtar etter å bli sett, men følgjer kommandoar og har lært å dempe seg for å tilpasse seg andre sine forventningar. Møtet med Freyja blir difor eit frigjerande pusterom, der ho for ei kort stund får kjenne på kven ho kunne ha vore. Men når hunden blir henta, forsvinn òg fridomen. Ho fell tilbake til det same gamle mønsteret, noko som understrekar tematikken novella tek opp: det sterke behovet for å bli sett for den ein er, og kor vanskeleg det kan vere å leve eit liv på andre sine premissar.

Avslutning.